



TUR NUMMER 3

Sandtangen - Re

Turen startar ved inngangen til Sandtangen, det største friluftsområdet på Bryne. Sandtangen har både lysløype og trimpark samt eit yrande fugleliv. Vidare går turen ut av skogen, under jernbana og opp i Vardheia, det første byggjefeltet på Bryne (frå 1950). Turen fortset over Brynehaugen, forbi eitt av dei eldste villastroka på Bryne, Solhøgda, like ved Jæren hotell og Bryne kyrkje.

På brua over Arne Garborgs veg får ein fint utsyn over Mølledammen med Fritz Rød sine skulpturar. Rød gav desse til fødestaden sin, Bryne.

Turen går langs Bryne Mølle (frå 1929), vidare langs Bryneåna og Møllekjelleren, nytt ungdomskultursenter, under fylkesveg 44 og vidare langs Roslandsåna, kor det fins både laks og sjøaure. Ein kjem så til Refeltet, ut på Grødalandsvegen, under rv 44, fylgjer Orrevegen og kjem inn på Kringlemyra. Turen går no forbi Bryne ungdomsskule, ein runde i parken Geitahodne og ut igjen til Ole Tjøttas veg, oppkalla etter den dyktige, men ulukkelege målarer. Vidare til Mølledammen og Lauritz Bellesens gate, oppkalla etter den fyrste Brynepatrioten og forretningsmannen i Storgata. Siste strekket går langs Bryneåna, under jernbanen og tilbake til Sandtangen.

Fakta om turen

Lengde: ca 8 km

Tilpassa barnevogn

Belysning (enkelte unntak)

Teiknforklaring

-  Parkeringsplass
-  Togstasjon
-  Utsiktspunkt

